

Til Vg1-elevar som skal starte på KVV skuleåret 2026-2027

Gratulerer med elevplass ved Kvinnherad vidaregåande skule

Det er ei gleder å ynskja deg velkomen til skulen vår. Vi håpar at vi som arbeider her kan innfri forventningane dine til dette skuleåret. Vi vil gjera alt vi kan for at du skal få eit godt og lærerikt år.

Skulestart er måndag 17. august kl 08.00. Oppmøte ved hovudinngangen på skulen, der treff du kontaktlærer og klassen din.

Dersom du veit at du ikkje kan møte første skuledag, er det svært viktig at du gjev oss melding om dette. Det kan du gjera ved å senda oss ein e-post: post.kvv@vlfk.no
Dersom du ikkje gjer dette, kan skuleplassen din bli gitt til ein annan søker.

Viktig informasjon

Det er særleg viktig at de følgjer med på nettsida til KVV:

<https://www.kvinnherad.vgs.no/>

Det er skulen sin viktigaste informasjonskanal ut mot elevar og føresette. Her finn de oppdatert informasjon om skulestart, timeplanar, aktivitetar, fråvær, eksamen og anna praktisk informasjon gjennom skuleåret.

Oppstartsprogram

Ved KVV gjennomfører vi eit eige oppstartprogram for alle Vg1-elevar.

Programmet omfattar VIP-makkerskap, stasjonsundervisning med informasjon om skulen vår, og startsamtale med kontaktlærer.

VIP-makkerskap: Målet med dette programmet er å styrkja skulemiljøet ved å skapa eit inkluderande skulemiljø, der færre elevar skal oppleve at dei fell utanfor.

Før skulestart har kontaktlæraren din laga klassekart, og du får ein pult med namnet ditt på i klasserommet. Dette vil vera din faste arbeidsplass dei første skuleveke. Lærarane vil gjennomføra ulike aktivitetar slik at du skal bli kjend med dei andre som går i klassen din. Vi har eit stort fokus på at du skal oppleve eit trygt og godt klassemiljø her hos oss.

Du kan lesa meir om VIP- makkerskap her: [VIP Makkerskap - Vestre Viken](#)

Alle Vg1-elevar vil bli kartlagt i lesing, rekning og engelsk. Kartleggingstestar av elevane sine ferdigheiter, saman med startsamtalet, vil gje skulen viktig informasjon som grunnlag for seinare eventuell tilrettelegging av opplæringa.



Lærebøker og lånekontrakt

Lærebøkene vert lånt ut gratis. Desse låner du på skulebiblioteket vårt. Kladdebøker, skrivesaker og liknande må du kjøpa sjølv. Som ny elev må du skrive under på ein elektronisk lånekontrakt for å få låna lærebøker. **Det er viktig at lånekontrakten er ordna før første skuledag. Her må føresette skive under digital. Dette kan de ordna etter at de har takka ja til skuleplass.**

Kvitteringa som du får på e-post etter å ha signert kontrakten, viser du til bibliotekaren når du skal låna bøker. For å kunne signere kontrakten treng du MinID, BankID, BankID på mobil eller liknande. Du kan oppretta låneavtale på denne linken:

https://tjenester.vlfk.no/opplaering/person/lanekontrakt_elev

Meir info finn du her: <https://www.kvinnherad.vgs.no/elev-ar-og-foresette/praktisk-info/biblioteket/>

PC og IKT

Alle elevar må ha tilgang til PC. De kan bestille den så snart de har fått stadfesta skuleplass.

Ta den med på fyrste skuledag.

Informasjon om PC-ordning og IKT-hjelp finn de her:

<https://www.kvinnherad.vgs.no/elev-ar-og-foresette/praktisk-info/ikt-hjelp/>

Skuleskyss

Elevar med meir enn 6 km avstand mellom heim og skule, har rett på gratis skyss til skulen. Du får skyss-kort på skulen. Elevar som har mindre enn 6 km til skulen, kan kjøpa ungdomskort.

<https://www.kvinnherad.vgs.no/elev-ar-og-foresette/helse-og-velferd/skuleskyss/>

Stipend og lån

Hugs å søkja om stipend og lån i god tid før skulestart.

Søknadsside hos Lånekassen:

<https://lanekassen.no/nb-NO/stipend-og-lan/norge/videregaende-skole/videregaende-skole/soknad-om-stipend-og-lan-til-videregaende-opplaring/#samtykke-banner>

VISMA InSchool

InSchool er Kvinnherad vidaregåande sin viktigaste plattform i skulekvardagen.

Sjå desse filmene før oppstart:

[InSchool - Introduksjonsvideoer for elever – InSchool](#)

[InSchool - Introduksjonsvideo for foresatte – InSchool](#)



Kvinnherad vgs.
Vestland fylkeskommune

For at du skal lykkast med opplæringa er vi avhengig av eit godt samarbeid med deg som elev.
Ta godt vare på skuleplassen din og bruk tida på KVV til å skaffa deg ei god utdanning.
Vi gler oss til å møta deg og bli kjend med deg.

Det vert **FORELDREMØTE** for elevar på VG1 studieførebuande og yrkesfag
onsdag 26. august kl 18.00 i kantina på skulen.

På nytt velkomen til Kvinnherad vidaregåande skule!

Ta gjerne kontakt på post.kvv@vlfk.no

Tlf: 53475700

Med vennleg helsing

*Morten Vevatne
Rektor*

